



Vår dato:

22.09.2022

Vår ref:

2022/11591

Dykkar dato:

Dykkar ref:

046bfc82-924b-4e66-
957e-1ae0f31d9931

Alver kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 491/27 - Kvitstein - utviding av kai - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 27.08.2022. Saka gjeld søknad om utviding av eksisterande kai på eigedom gbnr. 491/27 Kvitstein, Alver kommune.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område og område med arealformål, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Tiltaket ligg innanfor 100- meters beltet langs sjø. Det er naudsynt med dispensasjon frå alle desse forholda.

Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensed ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf.tbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08)

I denne saka er det uklart kvifor det er naudsynt å utvide eksisterande kai. Statsforvaltaren er i utgangspunktet negativt til at strandsona vert utbygd dersom det ikkje ligg føre overvekt av samfunnsinteresser som kunne forsvart ei utbygging.

Ein større kai vil påverke landskap sett frå sjø, og kan også auke privatisering av området. Kommunen må gjere ei grundig vurdering av dette i vidare sakshandsaming.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune

Postboks 7900 5020 BERGEN